

Årsmelding 2017

Styre

Christoffer Knagenhjelm, Sogndal. Leiar. Attvalt i 2016 for 2 år som styremedlem og attvalt for 1 år som leiar i 2016. På val i 2018.

Anja Eilertsen, Bergen. Valt for år i 2017, på val i 2019.

Renate Lunde, Voss. Valt for to år i 2016, på val i 2018.

Torill Ruud, Sogndal. Valt for år i 2017, på val i 2019.

Kristoffer Nerhus, Kvinnherad. Valt for år i 2017, på val i 2019.

Christian Zurbuchen, Økoringen Vest. 1. vara. Attvalt for 1 år i 2017. På val i 2018.

Knut O. Dukstad, Voss. 2. vara. Attvalt for 1 år i 2017. På val i 2018.

Torgeir Magnar Børve, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2017. På val i 2018.

Torgrim Aalvik, Kvam. Revisor. Attvalt for 1 år i 2017. På val i 2018.

Signe Karin Kvamsøy, Kvam. Vararevisor. Attvalt for 1 år i 2017. På val i 2018.

I 2017 var Idun Husabø valnemnd med hjelp frå styret.

Årsmøte 2017

Årsmøtet var halde i Bergen 1.3.2017.

Styret har hatt fire styremøte på Skype. Elles har vi halde naudsynt kontakt per telefon og e-post.

Nokre av oss har møttest i samband med arrangement, som t. d. Matfestivalen og Økoveka i Bergen.

Landsmøte og tillitsvaltsamlinga

Anja, Kristoffer og Christian representerte laget på landsmøtet til Oikos i 2017. Laget hadde på førehand ikkje sendt forslag om landsmøteuttaler i år. Christian deltok på tillitsvaltsamlinga på vegne av laget i november. Å vere med på desse landsomfattande møta er viktig med tanke på å bygge ut det nasjonale øko-nettverket.

Medlemsarbeid

Regionlaget har framleis fokus på medlemsverving, sjølv om det ikkje har vore brukt like mykje tid på det i år som føregående år. Dette har vært gjort gjennom Matfestivalen/Bondens marknad, Økoveka og Facebook.

Utdeling av Økopris Vestlandet

I 2017 vart prisen delt ut til Anne Lise Haukadal. Denne gongen vart prisen delt i romjula. Dette var medvite forsøk på å skape blest om prisen og



Foto: Økoprisvinnar for 2017, Anne Lise Haukadal

prisvinnaren. Forsøket var vellykka, med omtale i fleire aviser og radiointervjue med Anne Lise Haukadal i NRK-lokalradioen. Det vil bli arrangert eiga utdeling i regi av Vetem lokallag i løpet av vinter/vår 2018.

ØKOVEKA i Bergen

Styret vedtok i 2015 at Økoveka (Økouka elles i landet) skulle vere satsingsområde. I 2016 vart det bestemt at Oikos Bergen, som er lokallag under Oikos Vest (stifta i 2015) skulle ha ansvar for organisering og gjennomføring av Økoveka. Dette vart gjort ved at Oikos Bergen engasjerte Benedikte Koldingnes som prosjektleiar. Koldingnes har gitt beskjed om at hun truleg ikkje kjem til å fortsette som prosjektleiar.

Økoveka vart eit vellykka arrangement også i 2017. Oikos Vest er særst nøgd med innsatsen til lokallaget og Koldingnes som prosjektleiar.

Satsinga har vore ressurskrevjande for laget, men vi ser at det bidreg sterkt til profilering, både av Oikos som organisasjon og økosaka generelt. Vi viser elles til eigen rapport om økoveka til FMLA.

Oppretting av nye lokallag

Styret har fortsett arbeidet med å stimulere til stifting av lokallag. Pr. dags dato er det lokallag i Sogn (Sogndal), Sunnfjord, Bergen og Ølen.

Bergen Matfestival

Kristoffer og Benedikte sto på stand på vegne av Oikos Vest. I 2017 var matfestivalen flytta til Bergenhus – Koengen. Det òg innført inngangsbillett til festivalområdet. Sjølv om det var høg kvalitet på matfestivalen, stiller styret spørsmål om endring av plassering og inngangsbillett gjorde det vanskelegare å promotere Oikos og verve nye medlemmar.

Anna arbeid

Styret var involvert i utgreiing, saman med Benedikte Koldingnes om ØKO-satsing under Sykkel-VM. Det vart lagt ned relativt mykje arbeid i dette, særleg frå Benedikte, men vi innsåg etter kvart at forholda ikkje låg til rette for ei slik satsing. Det var vanskeleg å få skikkeleg kontakt med prosjektleiinga i Sykkel-VM. Vi såg og at avgifta for å stå på stand var vanskeleg å forsvare, noko som òg gjorde at det var vanskeleg å få ØKO-produsentar til å forplikte seg. Når vi etter kvart har fått reie på den negative økonomiske situasjonen til Sykkel-VM, er styret glad for at planane ikkje vart gjennomført.

Media

Styret i fellesskap har hatt ansvar. Fjordvett (www.fjordvett.no) – ei internettside som vi har saman med Økoringen Vest - er mest brukt som

Ikkje kutt i støtta til frivillig arbeid



Frivillig: Her er kronprinsesse Mette-Marit avlinda på 4H-stad i 2013. Foto: Terje Bendiksen / NTB scanpix

Christoffer Knagenhjelm

Styrelseleiar Oikos Vest

Publisert: 01.11.17, 06:01

Del



La oss spele kvarandre gode, ikkje kutt i støtta til frivillig arbeid!

Noreg er ein liten nasjon, og med sin naturgevrne plassering høgt i nord, må vi for å bruke regjeringa sine egne ord «...vise hverandre gjensidig tillit og spille hverandre gode, så kan vi oppnå store ting sammen – selv om vi er et lite land».

• Les også: Støtte fra staten betyr utrolig mye for 4H, skriver Håkon Rønvik.

Regjeringa sitt forslag til statsbudsjetten er derimot ikkje ein invitasjon til å spele kvarandre gode: Utradering av støtta til Oikos, Høns, Norsk kulturarv mfl. vil ikkje berre skade det frivillige arbeidet, men òg satsinga på norske mattradisjonar og reiselivet som regjeringa har fronta dei siste åra. Frivillige organisasjonar har òg ein viktig rolle når det gjeld å spreie ny kunnskap og løfte viktige tema inn i den offentlege debatten. Fokus på jordvern og matjord er dome på dette.

Påstandar frå landbruksminister Jon Georg Dale om at frivillige organisasjonar kan gå til næringslivet tyder på at Dale ikkje forstår korleis det frivillige dugnadsarbeidet er organisert. Oikos Vest har på grunn av godt samarbeid med både privat og offentlig sektor gått i spissen for satsingar som ØKOVEKA i Bergen og Økoprisen Vestlandet. Dette er gode dome på kva «frivillig Norge» kan få til, men utan støtte frå offentlig sektor er ikkje slike prosjekt moglege.

Det vi treng no frå regjeringa er føreseielegheit, ikkje fleire kuttforslag av denne typen.

Emneord til denne artikkelen

Debatton Jon Georg Dale Oikos

Statsbudsjetten 2018 Frivillige

Organisasjonar Støtte Til Frivillige

Organisasjonar

Faksimile: Innlegg i Nationen, 1. 11.2017

informasjonskanal og vidareformidling av stoff frå andre kanalar. Eigenproduksjon av artiklar og anna stoff er noko det må arbeidast meir med.

Styret jobba også gjennom media og politisk for å motverke dei negative endringane i statsbudsjettet. Regjeringa kom med framlegg om å kutte støtta til frivillige organisasjonar (landbruksdepartementet). Dette ville ha råka OIKOS og det økologiske arbeidet hardt. Styret skreiv lesarinnlegg, som mellom anna kom på trykk i Nationen. Styreleiaren tok òg opp stoda til dei frivillige organisasjonane i samtalar med stortingsbenken i Sogn og Fjordane.

Facebooksida (<https://www.facebook.com/pages/Oikos-Vest/228322617257827?fref=ts>) har framleis auke i medlemstalet. Ved årsslutt 2017/2018 var det 584 medlemmar. Sida vert brukt mykje som rask og enkel informasjonskanal og har eit stort nedslagsfelt med mange engasjerte medlemmar.